



Bjørn Olav Tveit og det utradisjonelle huset i Skårhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**"Kuben i Skårhaug – smykke eller fuglekasse?" Dette spørsmålet blir stilt i påskenummeret av Uskedalsposten, som kan kjøpast frå torsdag føremiddag på SPAR, bensinstasjonen og i Lises Krambu.**

Saka gjeld det utradisjonelle huset som Bjørn Olav Tveit og Siren Simonnes har bygt og som har utløyst høgst varierende meiningar i bygda. Nokon kallar funkishuset for eit smykke medan andre meiner at det minner mest om ei fuglekasse.

Anna stoff i det fyldige nummeret er ein presentasjon av TV-gründer og forkynnar Ronny Lakselv, eit historisk tilbakeblikk på Eidsvik Skipsbyggeri med Alf Eidsvik som vegvisar, intervju med den driftige leiar av turnlaget Hege Lekva og ein artikkel om småbedrifter i Uskedalen for eit halvsekel sidan.

Dei unge medlemmene av Hobbyklubben har sett sitt sterke preg på Uskedalsposten også denne gongen, mellom anna gjennom ein presentasjon av Dønhaug Gardsbarnehage.